

Kåre Kolås blir nå spurt litt om det materialet som han har fått låne frå Noregs Ungdomslag om lag som ikkje ville betale lagsbruksskatt. Der sa du at det var litt av kvart ein ville finne dersom ein hadde tid til å gå inn i det stoffet.

Ja, kanskje ein skulle ta nokre minutt. Det er jo så at utgangspunktet som er vel komme godt fram og som eg har sagt mange gonger tidligare, det er jo det at lagsbruka rundt omkring i heile landet dei kom jo ikkje i stand på grunn av det som skjedde i Oslo og sentralt, men det var altså norskdomsfolk alle stader som var interessert og som ville gjera noko og at Kaffistova i Oslo var utgangspunktet. Dermed så såg eg at her er noko me kan gjera og dermed så vart det lagsbruk rundt omkring i heile landet som eg tidligera har sagt. Ein kan jo seia at hvis du ser på Lofoten og Vesterålen og søre delen av Troms så var det ikkje nokon plass det var så mange Kaffistover og Bondeheimer som der. Det same var det for så vidt for Sørlandet, men så kan ein jo i dag stille spørsmålet: Kvifor er nynorsken i dag omtrent sanert bort på alle desse stadene der lagsbruka faktisk var så viktige for folket? Det var ein liten innleiing.

Men det som eg syns og så set me tankane i gang om det som du sa om samarbeid og så vidare, så var det det at det tok mange år før det vart noko samarbeid i det heile. Det var vel ikkje noko fagfolk som starta dette, men mange av det blei fagfolk og sjølv om det var ei tid der det var lett å få folk med seg på dette arbeidet så var det sånn at utviklinga gjorde jo det at planlegging det var like viktig då som nå for framtida, men det var det som først og framst blei forsømt. Då kjem vi fram til at manglande fagkunnskap det var ikkje tilstades og mange lagsbruk måtte gje opp. Det var også slik at det var usemja på mange lagsbruk. Ein kan vel sei at det var folk som ville noko og ein må jo også kunne seie det at det var først og framst fylkeslaga som gjorde den store nyvinninga som vi har skreve om tidligare og, med alle slags sosiale tiltak i frå hjelp til folk som ikkje greide seg sjølv til Forsvaret og ikkje minst utvikling av skular både teoretiske og praktiske. Einskildlaga med lagsbruk dei hadde si oppgave med å få laga til å svinga og eg kan ikkje minnst i det heile at det var lagsbruk som gjorde noko slags opptak til skular eller andre ting slik som fylkeslaga gjorde. Det var utelukka fylkeslaga som hadde større utsyn og der var ikkje bare snakk om mindre, men det var snakk om utvikling både på det sosiale og i norsk arbeid. Dette har eg lyst til å sei som ei forklaring på mangfaldet som var. Nå er det av det som du snakka om at eldre folk av laga viska bort det som var ubehagelig, så er det jo så at det har jo eg også gjort i ein del av samtalane for det at det ein del har eg nok sagt beint ut det eg meinte, men det er jo også omsyn å ta til folk som ein har vore gode bussar med og som ikkje så lett til å seia akkurat det ein meinte, og eg veit ikkje om det er noko viktig heller, ikkje hvis det går på reint personlige ting, og i alle høve hvis det ikkje ellers får noko verknad på utviklinga.

Dette er viktige resonnement, Kåre. Det som eg har lyst til er å gripe litt tak i er noko av det første du sa om dette paradokset med Lofoten og Sørlandet med mange kaffistover og lite nynorsk. Har du noko vurdering av kva dette kan være eit uttrykk for? Kan det være eit uttrykk for at kaffistover og målrørsorganisasjon var to nødvendige forutsetninger for at nynorsken skulle få ein posisjon, kaffistover aleine var ikkje nok. Det var nok sterke målrørsler på Sørlandet, men det var det i mindre grad i Nord-Norge. Er det tilfeldigheter eller er det personlig, har du nokon tankar om dette? Ja eg vil tru at det var rett og slett tiltøkne folk som såg at her var noko som kunne gjerast, og at nynorsken då i frå århundreskiftet og utover sto veldig sterkt desse stadene. Det må det ha vore for hellest hadde det ikkje blitt noko. Men eg vil jo tru dette sånn som i Lofoten dette med at det var bruk for mat og det var bruk for husrom og at det var med å avhjelpe den "husnauda" for innkvartering av reisande

folk og fiskarar og andre ting. Eg vil tru at det spilte ein veldig stor rolle der oppe, altså ein kan sei det reint sosialt.

Vil det seie at for somme var dette med å lage kaffistover og andre lagsbruk for å fremme nynorsken og norsksdom ei viktig drivkraft, men det var ikkje det for alle. Somme gjekk inn i dette fordi dei såg det sosiale behov og dei ville gjerne gjera noko med det, at mange lagsbruk også var sosialpolitiske prosjekt, ikkje bare reine kulturpolitiske tiltak.

Ja det trur eg.

Bare eit lite apropos. Eg såg i Hardangerjul nå i år 2000 så står det om ungdomshuset i Øystese i Hardanger om finansiering av det som dei streva ganske lenge med, og så står det då at dei fant på at dei skulle starta ei kaffistove i Ålvik i oppbyggingstida der, og så tente dei gruelig mykje pengar på det og så fekk dei finansiert huset. Det er vel og eit lite apropos til kvifor dei starta kaffistover.

Då trur eg at eg vil gå tilbake og ta, ikkje systematisk, men eg har laga meg nokre stikkord i margen på enkelte ting vi har vore innom der eg har lyst til litt utdyping. Det første er at det ikkje er bare målfolk som arbeidde aktivt i lagsbruka på den tida vi snakka om nå, men det var vel også slik at det blant målfolk så var det nokon som dreiv med lagsbruk og så var det nokon som ikkje dreiv med lagsbruk. Eg lurar litt på korleis såg dei målfolka som ikkje var involvert i lagsbruka på denne verksemda? Var dei opptatt av det? Såg dei det som viktig? Nå tenkjer eg ikkje så mykje på at det ikkje er blitt omskreve i ettertida og sånt, men korleis var det i samtida? Levde dokke i to verdener? Nå var jo du på begge sider av dette bordet, men alle var ikkje der altså. Dei som aldri brydde seg om kaffistovearbeidet, korleis såg dei på dette? Huskar du noko av det? Ja der stilte du meg eit vanskeleg spørsmål som eg veit ikkje om eg kan svare veldig fornuftig akkurat på sparket. Altså dei som ikkje dreiv med lagsbruk, tenkte du på eller tenkjer du på lag som ikkje hadde lagsbruk? Dei som ikkje akkurat var direkte interessert i lagsbruk at dei hadde noko i mot lagsbruksdrifta. For dei var vel interessert i laget sitt ve og vel. Men det var jo veldig mange lagsfolk, og det var det vel i alle lag, som først og framst såg at her kunne dei ha nytte av å kunne møte venner og kjenningar og at det var det sosiale ved kaffistover som dei var interessert i. Eg trur ikkje at eg har noko anna svar på det.

Var det uavhengig av at dei såg at det kom pengar i kassa i frå lagsbruka? Ja dei aller fleste laga balte jo med økonomien for det var jo ikkje fem øre i tilskot på nokon måte. Alle pengar som måtte til det måtte dei skaffe seg med arbeid, med marknad og andre tilstellingar. Så møtar og sånt det måtte gå med overskot hvis laga skulle eksistera, slik var det vel for dei aller fleste. Helles så har eit bestemt inntrykk av at dei laga som ikkje hadde lagsbruk, dei hadde eit mål og det var å få seg lagsbruk så sant det var mulig. For dei såg når dei var på årsmøte i samskipnaden, her i Hordaland var det jo også krinslag som var ein eining under fylkeslaget eller i fylkeslaget, at her var det fint, dette hadde dei råd til, men me må bruka lagspengane, så det var vel ein slags misunning, for det er jo klart at det var tross alt eit fåtall av dei 130 laga i Hordaland Ungdomslag som hadde på nokon måte mulighet til å gå i gang med eit lagsbruk. Eit spørsmål til Nils: Har det vore kartlagt kor mange lag som hadde lagsbruk, rekna i f.eks %? Har ein vore inne på den type materiale? Nei me har vel ikkje noko riktig god kartlegging på det, men me har vel kome bort i ein 150 lagsbruk, har me ikkje det, Kåre? Men det har jo vore over ein lengre periode og kor mange lag det var i Norges Ungdomslag på det meste det er eg ikkje i stand til å sei nå. I mi tid i 70-åra var det vel rundt 700, og det kan vel ha vore ennå mykje meir.

Nå snakkar vi sansynligvis om mindre enn 10% av laga for eksempel. Ja det vil eg tru, mindre enn 10%. Eg føle vil at det er ein kombinasjon at det har vore sterke folk enkelte plassar, og at smittsomme idear for finansiering av lagsarbeidet og sånn som er nevnt frå Øystese at det er ein konkret oppgave med reising av ungdomshuset og så er på det tidspunktet Ålvik-samfunnet under utbygging, der er det eit godt innteningspotensiale. Dei

fekk ein rask gevinst og tente pengar, bygde huset og avvikla kaffistova. Det er jo rett å sei og at kaffistovene på den tida tidleg i århundre, så var jo fortjeningsmarginane utruleg mykje større enn dei er i dag. Der minnst eg noko skreve frå kaffistova i Flekkefjord som blei etablert i 1911, og det står at alt året etterpå så hadde innskytarane fått pengane tilbake, og dei hadde ei nettovinning på 600-700 kroner, så det var jo eventyrlige fortjenestmarginar mot det me snakkar om i dag på kafeteria.

Det er eit spørsmål som eg trur at vi har vore lite inne på. Eg har bl.a. vore opptatt av kva rolle Lagsbruka hadde i forhold til målrørsla ellers, men eg trur ikkje vi har vore inne på dette i kor stor grad lagsbruka fungerte som kvalifiserande for liknande arbeid utafør lagsbruka i neste omgang, altså som ein læringsplass for å drive kaffistove eller kafe eller serveringsstad generelt. Du har gjort eit viktig poeng av at her var det mange urutinerte og uerfarne folk som dreiv lagsbruk, men dei lærte jo. Har du nokon synspunkt på dette kor mange av dei som brukte denne lærdomen til å drive liknande serveringsverksemd eller anna seinare?

Ja, eg veit ikkje eg. Eg har ikkje tenkt akkurat på dette, men på ei annan side så er det jo nokså rimelig og sjølv sagt at dei som arbeidde på kaffistovene dei kom jo inn i faget, og at det var mange som seinare begynte for seg sjølv, eller vart tilsette på andre serveringsstader og som utvikla seg vidare til dei sjølv blei, det har ein nok mange eksemplar på, men så akkurat direkte opplæring det var det. Men ein må jo også hugse på at kaffistovene det var jo i starten husmødre som tok ein jobb i stor grad, og meir eller mindre med lønn og dette med husmøyrket i dei dager var jo annaleis enn i dag og omtanke og då dei som syns dette var hyggeleg og fint og likte å være i kontakt med mennesker, eg synest det er sjølv sagt at slike folk dei tok på seg jobb, at dei kom inn i serveringsbransjen og at dei fortsette med det. I Jølster der som eg er i frå der har då bygdelaget eller grendeutviklingslaget sett i gang ein kafe. Vi snakkar nå om ein dal med ca. 200 mennesker, og dei har nå faktisk åpent kvar søndag i sommersesongen og vel så det, og av og til ellers i året og nå driv dei på delvis lønna basis. Men dette begynte jo som dugnadsarbeid i begynnelsen med ubetalt arbeid for kvinner som stilte opp for å få dette til, og dette har dei greidd. Er det ein repetisjon på av ei historie som også mange kaffistover hadde at det var veldig mye frivillig innsats i begynnelsen før det blei profesjonelt betalt arbeid. Ja det trur eg, men eg trur at det var veldig stor forskjell frå stad til stad. Eg meiner det at kaffistova til Bondeungdomslaget som var skipa i 1912, starta opp i 1913, der var det ikkje snakk om slik frivillig arbeid, bortsett i frå styret som gjekk inn i arbeidet som om det var deira eige, men eg trur det at andre stader der vart det starta ved at dei fann ut at vi prøver å få i gang ei kaffistove og så vart det sånn dugnadsarbeid og så vart det ei kaffistove av det til slutt.

I dette innsmettet der du snakka om Ålvik, det er i grunnen rart det skjer ikkje mykje i Hardanger, men hvis ein ser på det som er skreve om lagsbruka i Hordaland og det er jo veldig mykje, og ingenting i Hardanger skreve, så har det sin årsak i det at i utgangspunktet så er då Hordaland fylket samla då, men Hardanger dei ville være for seg sjølv og gjekk ut etter ei tid og det er vel først for 8-10 år sidan, då var dei lågt nede og kunne ikkje drive då gjekk dei saman med Hordaland igjen. Årsaka var nok transporten, altså korleis ein kunne reisa og møtast det var vel kanskje det viktigaste, men hardingane hadde veldig lyst til å være seg sjølv nok. Eg vil ikkje sei at det var i og for seg galt, for ein må tenke på den transporten som måtte til. Men derfor har eg ikkje den minste greia på kva som skjedde i Hardanger og at det på mange plassar også der var kaffistover, 2-3 stk. veit eg på sett og vis om, men eg veit ingenting om det ellers, men det er årsaka.

Dette med amatørismen i lagsbruka, eg går ut fra at dette er noko som desse har felles med la oss sei avholdskafeane, eg hugsar i frå min barndom Totalen i Haugesund for eksempel som DNT dreiv. I farten kjem eg ikkje på andre folkerørslar som har dreve så mykje i denne næringa, men var det så veldig profesjonelt det som foregjeikk ellers, var det ikkje veldig mykje familieforetak og prøving og feiling også i denne næringa ellers?

Ja, når du nevner avholdskafea, så var nok det adskillige rundt omkring, du hadde jo Voss for eksempel, og den eksisterer faktisk ennå i dag. Det er det at skal du drive ein kafe eller eit hotell så er det dette med arbeidshjelp, og det er jo kjent at alle dei hotella som gjekk konkurs og har gått konkurs gjennom tidene, av forskjellige grunnar. Men det er heilt opplagt at skulle du drive på ein måte som var økonomisk nokolunde brukbart, så var det innsats og dei fleste hotella, mindre hotell og store hotell, det var faktisk familieforetak, og uten ein familie rundt seg så kunne dei rett og slett ikkje drive mange plasser. Eg kan seie, eg var i mange år, 6-8 år, så var eg med i fylkesarbeidsnemnda i Hordaland, og det var jo det som hadde DU-midlane å stelle med og fylkesmannen var formann i denne nemnda og eg var ein periode varaformann, men det førte med seg ein del samtalar og besøk osv. og der var det slik at Norges Bank sin avd. i Bergen då dei hadde eit prosjekt med serveringsstader, og det var rett og slett dette med lønsutbetaling som dei ikkje fann noko grunn til å feste lit til med sjølvmeldinga, og den utredningen var ganske god og det viste jo kor tydelig det var at ei rekke med verksemdar i serveringsnæringa som DU og me hadde med å gjera, dei hadde ikkje eksistert utan og derfor måtte dei då samanlikna med tal i frå andre grupper så viste det at her var det mykje svart ute og gjekk .

Eit detaljspørsmål bare for å få presisert teksta, du seier i samanband med historia om kaffistova i Bergen så seier du at i Bergen var det slik at alle byfolk kanskje helst andre generasjon, syntes det var litt nedsettande å gå på Kaffistova. Når du seier andre generasjon meiner du andre generasjon innflyttarar eller.

Du har sagt mykje spennande om ??bygget, og så seier du at du har vore på statsarkivet og kikka litt i korta. Og så seier du Cdbygget han gambla, men han gambla til fordel for dei store sakene i nynorskrørsla. Kan du seia litt meir om korleis han gambla? Ja det er lett for å sei noko som eg ikkje har dekning for her for nå er det ei tid sidan eg har sett på desse sakene, og ein del av det bygget si konkurssak det tenkte eg at eg skulle få fatt i. Eg kan få ho, men eg har ikkje hatt høve til å få fatt i den. Men eg kan seia det at var det ein stor ide i norskdomsrørsla så vart han oppfanga av Cdbygget, og at han var ein drivande kar til å få til ting, det var heilt opplagt, men i dei skiftande tider så var det ikkje alltid at det kunne gå like bra, men ein kan seia det at det som tidligare er fortalt om tomte til det norske teateret bl.a. og skiping av kaffistova til BUL for det var og ei rekke andre slike tiltak, men ein kan vel seie det at dei som gjekk best det var der bygget etter kvart kom ut av styringa for å sei det litt brutalt. Du seier litt seinare i samtalanane våre at han var ein mann som ikkje ga så mykje opplysingar til andre om det som han stelte med, og det høyrast for meg ut til å være ein treffande karakteristikk, var det desse litt uformelle arbeidsmetodane hans som var hans særmerke? Ja han kom jo på kant med nokså mange på grunn av sine disposisjonar, men eg kan ikkje skjønna noko anna enn at alle hans tankar og hans innsats det var for norskdoms-Arbeidet og ei verksemd som ikkje gjorde noko for den ideen, det var ikkje noko, for å seia det på den måten.

Ein annan detalj, du snakkar om salet av kaffistova i Bergen. Då hadde du vore pensjonist i mange år. Kan vi tidfeste det salget? Det er i 90-åra. Eg kan godt sei nokre ord om det. Altså det er det at bygningen egna seg så lite til serveringsstad i våre dager at ein kan seie i ettertid At eg lot være å gjera noko med vøling av kaffistova som gjekk i balanse eller med litt overskot dei siste åra eg hadde ansvaret, men det var mange planar, og så vart det sett i gang då ein kostnad på langt over 5 millioner, og det var bortkasta pengar. Eg hadde ikkje vett til å seia at dette måtte dei ikkje gjera, eg var så usikker.

Eg har kome fram til nokre namn du nemner, Grude frå Oslo og Moen frå Trondheim. Grude var direktør i Oslo, husker du fornarnet hans? Og så har vi han Moen, nei han var frå Molde. Lars Moen heitte han?

Du har vore opptatt av å finne fram til ei fordeling mellom årsavgift og så står det ein masse spørsmålteikn, eg lurar på om det har noko med skatteinnbetaling å gjera, eg er ikkje heilt sikker på det.

Du har i ein samanheng snakka om bl. a. forholdet til Dag og Tid der jo lagsbruka var inne med store midlar, så har Ivar Eskeland snakka om kaffistoveadelen. Var det eit uttrykk han laga eller var det eit uttrykk som var i omløp før den tid. Nei det namnet det var det nok Ivar Eskeland som laga, for han blei veldig fornærma for at lagsbruka ikkje ville yta meir, for det at han hadde ikkje tanke om at økonomi også var med i avisstyringa.

Men samtidig har jo du vore med og vist at Dag og Tid har fått mykje støtte frå lagsbruka i utgangspunktet. Hvis det nå var slik at lagsbruka etter kvart blei meir påhaldne var det fordi dei hadde mindre pengar å rutte med eller var det fordi dei var skeptiske til tiltaket Dag og Tid og utviklinga av den avisa for det var vel nokså omstridt det som foregjekk i Dag og Tid i 60-åra. Ja ein kan vel seia det at det var vel mindre å gje vekk, på den andre sida kan ein vel seie det at utviklinga i Dag og Tid den var jo ikkje god, og dei leita vel etter profilen sin og dermed var det ikkje nokon ålmen nynorskavis, men meir eller mindre, eg veit ikkje om eg kan bruka eit så slett ord som sekt i den samanhengen, men det blei jo på ingen måte den avisa som me alle hadde trudd me skulle få. Det vil eg gjerne høyra litt meir om. Kva slags avis var det de trudde de skulle få i 60-åra? Ja det var no, eg kan kanskje snakka litt meir for meg sjølv, eg hadde håpt på og eg hadde ei veldig tru på då Eskeland begynte at nå skulle me få ei god avis og som me kunne hyggja oss med, men det var sjølvsagt galt å tenkje slik og avisøkonomi det er jo ei sak for seg som eg ikkje hadde noko peiling på, så for min del var det rett og slett, eg hadde den trua at ei nynorskavis med kvalitet der ein kan få med litt både utanlandsk og innanlandsk, ikkje som det nå er ei protestavis der ein veit kva står i stykket når ein ser kven som har skreive det, så veit ein det på forhand. Eg veit ikkje om eg kan gje noko meir utfyllande.

Eg veit ikkje om eg er kvalifisert til å sei det men ein kan vel tenkje seg at dei som styrte med lagsbruka dei var jo ikkje dei yngste i laget, og kanskje ikkje dei mest radikale, og for mange føltest det vel kanskje for radikalt den redaksjonelle linja som blei følgt i Dag og Tid, er ikkje det rett og sei? Ja eg veit ikkje rektig det. Når du bruker uttrykket radikal så er det jo klart at ein har bruk for radikale aviser, men ein ting er å være smal som Dag og Tid etterkvart sjølv om dei svingar no litt etter kvart, det er verkeleg nummer som er leseverdige.

Ein ting er kva Dag og Tid er i dag, men det jo interessant med denne brytningen på 60-talet. Der var jo ikkje Ivar Eskeland den mest sentrale personen i Dag og Tid-miljøet trur eg, han var der i ein liten periode så vidt eg husker, Per Øyvind Heradstveit var også innom så vidt og fleire har vel også framheva seg sjølv meir enn det kanskje er grunn til historisk, men det er jo brytningstid i målrørsla dette. Vi har fått til Ivar Aasen-tunet ein protokoll frå noko som heiter opplysningsnemnda for norsk mål frå slutten av 50-talet, og det er rett og slett så vidt eg kan lese ut av protokollen som vi har fått i frå arvingane til Bjarte Birkeland, han var skrivar der og skreiv protokoll.. Det kan ikkje lesast noko anna enn ein rein fraksjon som vil få orden på Norges Mållag og som hadde det som tema på møte etter møte etter møte korleis skal ein få orden på Norges Mållag, kven kan stille som leiar osv. Er det litt av det same som vi var inne nå med generasjonskifte ikkje nødvendigvis bare på dette med dimensjon radikal/ikkje radikal, men kor sto lagsbruksmiljøet i forhold til den målpolitiske forståinga på 60-talet. Der er eg ikkje heilt sikker på om du er representativ for eg har ein liten føling at du har følgt meir med i tida enn enkelte andre miljø gjorde. Eg trur ikkje at du er heilt typisk for lagsbruksmiljøa, eller tar eg heilt feil? Nei, eg veit ikkje eg. Eg trur ikkje lagsbruksmiljøa har hatt noko særst meining om dette, dei har vore lite interessert. Hvis du seier at eg har følgt meir med i tida så er det jo så, ein blir jo nøydd til når ein har levd eit langt liv å stoppe opp rett som det er og ta eit bestikk korleis blir dette å stå på eit standpunkt som ein hadde for 10 år sidan under heilt andre vilkår, det er litt for jerdalsk.

Men samtidig er jo dette med uttrykket kaffistoveadelen, det kjem ikkje av seg sjølv, eg trur ikkje det er nok med å forklare det med at det er Eskeland som laga ordet, men der er ein klangbotn for det, det er ein grunn til at han sette ord på noko som sikkert andre har meint, eller tar eg feil. Eg les ut frå det ordet at det har vore nokre brytningar mellom nokre målpolitiske miljø og som kanskje vil inn og forandre noko og som av ein eller annan grunn føler at dei har ikkje lagsbruka med seg i den grad dei ønsker det. Grunnen kan være så enkel som at dei oppfattar lagsbruka som ei seddelpresse og ein pengemaskin og ikkje noko meir. Eg les nokre brytningar ut frå dette. Gjer du det same? Nei eg gjer i grunnen ikkje det. Jaja, når du stiller spørsmålet